

Knarvikmila 2014
V/Eddie Ebbesvik
Boks 177, 5903 Isdalstø

Til:

Nordhordland Lensmannsdistrikt
v/ Kjell Idar Vangberg

Lindås Kommune - Teknisk Etat
v/ Arne Eikefet

Meland Kommune – Teknisk Etat
v/ Anny Bastesen

Til Orientering:
Statens Vegvesen
v/ Paul Espeskog

KNARVIKMILA 2015 - BRUK AV VEGNETTET

Søker med dette om å få nytta vegnettets slik vedlagde kart viser.
Dette gjeld laurdag 5. september –Halv Marathon start kl. 13.00 og
søndag 6. september - 5 og 10 km – start 5 km kl. 12.00 og 10 km kl. 13.10.

Knarvikmila er ei massemonstring som har gått sidan 1983 og det er soleis 33. gongen løpet vert arrangert. Gjennom desse åra har ein funne fram til gode rutinar for avviklinga. Dette gjeld også vakthald i løypa og parkeringstiltak m.m.
Samarbeidet med lensmannskontoret har vore svært godt, og vi reknar med framhald av dette samarbeidet med bl.a. hjelp av politiet til trafikkdirigering.

Løypene for 5km og 10km er uendra frå 2014. Løypa på HalvMarathon er lagt litt om i Meland. Dette gjeld Flatøy i samband med vegbygginga. Dette er gjort i dialgo med Statens Vegvesen og lokal entrepenør.

Løypekart for løypene i 2014 er vedlagt. Det er 3 kart vedlagt. Kart over 5km og 10km som går i all hovudsak på lokale vegar i Knarvik. Det siste kartet som er lagt ved er trase til Halv Marathon. Løypa er merka med BLÅ farge.

Ein startar på Knarvik Stadion. Etter ca 1 km føl løypa E-39 til ein har kryssa Hagelsundsbrua. Ein tar her inn på gangveg. Ein spring så over Flatøy og inn på Nordhordlandsbrua der ein føl gangvegen fram og tilbake. Løypa går så over Krossnessundbrua og mot Frekhaug Senter på gangveg(564). Ein føl så ny gangvegen forbi Mjåtveit og opp til Sandskaret der ein tek vegen mot Dale(250). I krysset ved Ungdomshuset på Dale tar ein til høyre mot Sakstad(244) og ned til Frekhaug Senter Ein kryssar vegen over gangbrua. Ein føl så fortauet mot Fosse og kjem tilbake til Krossnessundbru. Over Krossnessundbrua går løypa i same felt som ein brukte på vegen ut. På Flatøy tar ein inn på gangvegen og føl denne over til Knarvik og inn mot mål på Knarvik Stadion.

Vi vil gjerne peika på at KNARVIKMILA er ei viktig hending for mange i Nordhordland. Alle ser fram til arrangementet, eit arrangement som får svært god kritikk både av deltakarane og i pressa. Det er soleis eit tiltak som har positive verknader for heile distriktet.

Knarvik 15. august 2015

Eddie Ebbesvik
-sign-

Svein Fammestad
-sign-